

Forslag om forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Sula kommune for 2027

Fastsett av formannskapet (24.11.2026) i Sula kommune, delegert i kommunestyret (17.9.2026) med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskriften) § 1 , jf. § 6 og [§ 17 første ledd og § 18 første ledd.]

1. Verkeområde og iverksetting

Forskrifta fastset satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Sula kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære og opne barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.

2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar vert det nytta følgande satsar per heiltidsplass.

Ordinære barnehagar:

Barn 0-2 år:	275 977,-
--------------	-----------

Barn 3-6 år:	145 165,-
--------------	-----------

Opne barnehagar:

Opningstid 6-15 timer per uke:	Nasjonal sats
--------------------------------	---------------

Opningstid 16 timer eller meir per uke:	Nasjonal sats
---	---------------

3. Berekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommuneregnskap som er regnskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane berekna ut frå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslaga som følger av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå berekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren)

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtek endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtek endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtek lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- Nasjonale myndigheiter vedtek endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som medfører endringar i berekningar av satsar

Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemnt over, vert gjort administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningslova §37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar vert formidla til private barnehagar og forskrift vert oppdatert utan unødige opphald.

4. *Dokumentasjon på berekninga*

Berekning av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk og grunnlaget er synleggjort på kommunen si heimeside.

5. *Enkeltvedtak om kommunalt tilskot*

Tilskotet til den enkelte private barnehage vert fastsett som enkeltvedtak etter barnehagelova §§ 19a-c, og finansieringsforskriftas § 3, med grunnlag i satsane fastsett i denne forskrifta.